



Krefthund

Lungekreft er den kreftsjukdommen som tar flest liv globalt. Om lag 3000 blir ramma årleg i Noreg.

I dag

Metodar for å oppdage sjukdommen i tidleg og kurabelt stadium er etterspurt. Hittil er det bare screeningundersøking med CT-røntgen som har vist seg effektivt. Det er store kostnader knytt til denne metoden, då ein må undersøke veldig mange individ for å finne dei som faktisk har lungekreft, samt å følgje opp sikre funn hos ein stor del av individa som blir undersøkt med CT.

Prøver ut

Er hundar i stand til å skilje utandingsprøvar frå menneske med lungekreft frå friske menneske, eller menneske som lider av andre sjukdommar? Metoden er skånsam for individa som deltek, dei må puste noen gongar i eit filter bygt inn i ein liten handheldt sylinder. Hundane arbeider i eit eige laboratorium utan kontakt med pasientane.

Mål

Vurdere om hundar kan oppdage lungekreft i eit tidlig og kurabelt stadium. Metoden kan erstatte CT-røntgen som første screeningundersøking, og skilje ut dei personane som treng vidare utgreiing med tanke på lungekreft. Det ligg eit stort innsparingspotensial for enkeltindivid og samfunn.

Partnarar

Fjellanger Detection and Training Academy (FDTA)
Haukeland universitetssjukehus
BTO

Finansiering

Prosjektet er finansiert gjennom Forskningsrådets FORNY-midlar, egenfinansiering frå Haukeland universitetssjukehus og egenfinansiering frå FDTA

Kontakt

Øystein Fløtten,
seksjonsoverlege, Lungeavdelinga,
Haukeland universitetssjukehus
e-post: oystein.flotten@helse-bergen.no

Bergen Teknologioverføring (BTO)
e-post: kine.gregersen@bergento.no

